



**Eigenfråsegn om konsesjonsfridom  
ved tileigning/kjøp av fast eigedom mv.**

Fastsett i medhald av forskrift 8. desember 2003 gitt i medhald  
av konsesjonslova av 28. november 2003 nr. 98 § 8

Les rettleiinga før du fyller ut skjemaet

Skjemaet skal sendast saman med skøytet til Statens kartverk, 3507 Hønefoss  
Eitt skjema for kvar ny eigar

<b>1. Namnet på tileignaren/kjøparen (ny eigar)</b>		
Slektsnamn, for- og mellomnamn	Fødselsdato (dd.mm.åååå)	
Adresse	Organisasjonsnr. (9 siffer) - berre for firma	
<b>2. Eigedommen som tileigninga/kjøpet gjeld</b>		
Gnr., bnr., festenr. e.l	Eigardel	Namnet på kommunen

**FRÅSEGN FRÅ KJØPAR/TILEIGNAR (NY EIGAR) OM KONSESJONSFRIDOM**

**KONSESJONSFRIDOM PÅ GRUNN AV SLEKTSKAP/EKTESKAP/SVOGERSKAP/USKIFTE**

<b>3. Landbrukseigedom med boplikt</b>	
<input type="checkbox"/> A	Eg har teke over landbrukseigedom frå nær familie. Landbrukseigedom vil her seie ein eigedom som: - har meir enn 25 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord eller 500 dekar produktiv skog, OG - har bygning som er eller har vore i bruk som heilårsbustad, ELLER - har bygning som er tillaten oppført som heilårsbustad, men som ikkje er teken i bruk som det, ELLER - har bygning under oppføring der løye er gitt til oppføring av heilårsbustad
<input type="checkbox"/> B	Eg er klar over at eg må søkje konsesjon dersom eg ikkje sjølv skal busetje meg på eigedommen innan eitt år og bu der i minimum 5 år
<input type="checkbox"/> C	Eg er klar over at det er eit vilkår for konsesjonsfridommen at overdragar/seljar/arvlatar har konsesjonsforholdet sitt i orden
Kryss av eller fyll ut det punktet/dei punkta som passar, under	
<input type="checkbox"/> D	Eg har teke over eigedommen frå ektefelle, partnar eller sambuar (sjå rettleiinga <u>punkt 3 om sambuarar</u> ), eventuelt som arv eller i uskifte (om du har teke over i uskifte, sjå rettleiinga <u>punkt 3 om butid</u> )
<input type="checkbox"/> E	Eg har odelsrett til eigedommen
<input type="checkbox"/> F	Eg er i slekt eller i svogerskap med overdragar/seljar/arvlatar på denne måten: <b>Eg er overdragaren sin:</b> (fyll ut – eks. "son")

<b>4. Annan eigendom</b>	
<input type="checkbox"/> A	Eg har frå nær familie teke over eigedom som ikkje fell inn under punkt 3
<input type="checkbox"/> B	Eg er klar over at det er eit vilkår for konsesjonsfridommen at overdragar/seljar har konsesjonsforholdet sitt i orden
Kryss av eller fyll ut det/de punkte(ne) som passar, under	
<input type="checkbox"/> C	Eg har teke over eigedommen frå ektefelle, partnar eller sambuar (sjå rettleiinga <u>punkt 3 om sambuarar</u> ), eventuelt som arv eller i uskifte
<input type="checkbox"/> D	Eg er i slekt eller i svogerslekskap med overdragar/seljar/arvlatar på denne måten: <b>Eg er overdragaren sin:</b> (fyll ut – eks. "son")

Med sikte på å redusera oppgåveplikta for næringslivet, kan opplysningar som blir gjevne i dette skjemaet, heilt eller delvis bli nytta av andre offentlege organ som har heimel til å henta inn dei same opplysningane, jf lov om Oppgåveregisteret §§ 5 og 6. Opplysninger om eventuell samordning kan ein få ved å venda seg til Oppgåveregisteret på telefon 75 00 75 00.

## KONSESJONSFRIDOM PÅ GRUNN AV KARAKTEREN TIL EIGEDOMMEN

### 5. Bebygd areal, jf. § 4 første ledd nr. 4

- |                          |   |
|--------------------------|---|
| <input type="checkbox"/> | Eigedommen er bebygd og ikkje større enn 100 dekar totalt og har ikkje meir enn 25 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord |
| <input type="checkbox"/> | Eg er klar over at det er eit vilkår for konsesjonsfridommen at eg ikkje gjer bruksendring i strid med plan                     |

### 6. Ubebygd tomt til bustad- eller fritidsformål, jf § 4 første ledd nr. 1

- |                          |  |
|--------------------------|--|
| <input type="checkbox"/> | Tomta er ikkje større enn 2 dekar og er godkjend frådelt etter plan- og bygningslova og jordlova   |
| <input type="checkbox"/> | Eg er klar over at eit vilkår for konsesjonsfridommen er at det blir reist hus på tomta innan 5 år |

### 7. Ubebygd tomt til bustad- eller fritidsformål i område lagt ut til busetnad og anlegg, jf. § 4 første ledd nr. 2

- |                          |  |
|--------------------------|--|
| <input type="checkbox"/> | Tomta ligg i område som i arealdelen til kommuneplanen eller i reguleringsplan er lagt ut til bebyggelse og anlegg. Tomteinndeling er gjord eller godkjend av bygningsmyndighetene |
| <input type="checkbox"/> | Eg er klar over at eit vilkår for konsesjonsfridommen er at det blir reist hus på tomta innan 5 år   |

### 8. Andre ubebygde areal jf. § 4 første ledd nr. 3 (areal som ikkje fell inn under punkt 6 eller punkt 7)

- |                          |   |
|--------------------------|---|
| <input type="checkbox"/> | Arealet ligg i område som i reguleringsplan er regulert til anna enn LNFR-område, eller som i arealdelen av kommuneplanen er lagt ut til bebyggelse og anlegg |
| <input type="checkbox"/> | Eg er klar over at eit vilkår for konsesjonsfridommen er at eg ikkje gjer bruksendring i strid med plan   |

## SIGNATUR

### 9. Tileignar/kjøpar (ny eigar) sin signatur og kjennskap til straffeansvar (må signerast personleg av den nye eigaren)

Eg er kjend med at det etter straffelova § 189 er straffbart å gi uriktig eigenfråsegn

Dato Underskrifta til tileignar/kjøpar (ny eigar)

Dato Underskrift frå verja (for umyndige må verja også underskrive)

## KOMMUNEN STADFESTAR

### 10. Kommunen stadfestar for det enkelte punkt:

- |                          |  |
|--------------------------|--|
| <input type="checkbox"/> | Punkt 3 - Overdragaren har konsesjonsforholdet sitt i orden  |
| <input type="checkbox"/> | Punkt 4 - Overdragaren har konsesjonsforholdet sitt i orden og det er ikkje boplikt på eigedommen  |
| <input type="checkbox"/> | Punkt 5 - Eigedommen er bebygd og ikkje større enn 100 dekar totalt og har ikkje meir enn 25 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord, jf. § 4 første ledd nr. 4                               |
| <input type="checkbox"/> | Punkt 6 - Tomta er ikkje større enn 2 dekar og er godkjend frådelt etter plan- og bygningslova og jordlova, jf. § 4 første ledd nr. 1  |
| <input type="checkbox"/> | Punkt 7 - Tomta ligg i område som i arealdelen til kommuneplanen eller i reguleringsplan er lagt ut til bebyggelse og anlegg. Tomteinndeling er gjord eller godkjend, jf. § 4 første ledd nr. 2    |
| <input type="checkbox"/> | Punkt 8 - Arealet ligg i område som i reguleringsplan er regulert til anna enn LNFR-område, eller som i arealdelen av kommuneplanen er /utlagd til bebyggelse og anlegg, jf. § 4 første ledd nr. 3 |

### Kommunen stadfestar for alle tileigningar/kjøp: (må alltid fyllast ut)

- |                          |  |
|--------------------------|--|
| <input type="checkbox"/> | Overdraginga fører ikkje til deling av driftseining, jf. jordlova § 12 fjerde ledd |
|--------------------------|--|

Namnet på kommunen	Dato	Stempel og underskrift
--------------------	------	------------------------

## Rettleiing SLF-360 N

[Konsesjonslova av 28. november 2003](#) fastset at alle tileigningar/kjøp av fast eigedom og stifting av bruksrett for lengre tid enn 10 år kjem inn under konsesjonsplikt med mindre det er gjort unntak i lova eller forskrifter som er fastsette i medhald av lova. Som tileigning/kjøp reknar ein også tileigning/kjøp av delar eller partar i ein eigedom.

Ei tileigning eller eit kjøp er eit uttrykk for alle måtar ein kan få ein eigedom på; kjøp, arv, gavé osb. Konsesjon er eit løyve frå staten. Den som blir ny eigar av eigedommen, er tileignar/kjøpar. Overdragar er førre eigar.

Hovudregelen er at du kan tileigne deg / kjøpe bebygd eigedom som ikkje er større enn 100 dekar og heller ikkje har meir enn 25 dekar fulldyrka/overflatedyrka jord, utan å søkje konsesjon. Det same gjeld tomter til bustad- og fritidsformål, og ubebygd areal som er lagt ut til anna enn landbruksformål. Tileigning/kjøp frå nær familie er også friteke frå konsesjonsplikt.

Dette skjemaet skal dokumentere at di tileigning eller ditt kjøp er konsesjonsfritt etter ein av unntaksreglane i lova, jf. § 4 første ledd nr. 1–4 og § 5 nr. 1 og 2.

Skjemaet skal stadfestast av den kommunen der eigedommen ligg. Så skal ho leggjast ved heimelsdokumentet (skøyte, festekontrakt eller liknande) når dette blir sendt til tinglysing til Statens Kartverk, 3507 Hønefoss. Kartverket kan alltid krevja dei opplysningsane og dokumentasjon som trengst for å fastslå at det ligg føre konsesjonsfritak.

I [kommunar som har sett konsesjonsfridommen ut av kraft](#) må du undersøkje om du skal bruke eigenfråsegnskjema SLF-0356 (raudt).

### Ønskjer du hjelp til utfylling, kan du vende deg til kommunen.

Etter at tileigninga/kjøpet er tinglyst, sender Statens Kartverk fråsegnna vidare til kommunen, som fører kontroll med at konsesjonslova blir følgd.

#### Når eigenfråsegn ikkje er nødvendig:

Etter [konsesjonsforskrifta av 8.12.2003](#) er det for nokre konsesjonsfrie tileigningar/kjøp ikkje nødvendig å bruke eigenfråsegn. Dei mest praktiske tilfella er:

- Tileigning/kjøp av bebygd eigedom der tomta ikkje er større enn 2 dekar.
- Tileigning/kjøp av sameigepart i bebygd eigedom som i stadfesta reguleringsplan er lagd ut til anna enn landbruksområde når tileignaren/kjøparen er sameigar i eigedommen frå før.
- Tileigning/kjøp av egedomsleilegheit, aksjeleilegheit, obligasjonsleilegheit, part i bustadbyggjelag og burettslag og når burettslag tileignar seg eller kjøper fast eigedom frå bustadbyggjelag.

For desse tre nemde alternativa må det likevel nyttast eigenfråsegnskjema SLF-0356 i [kommunar som har sett konsesjonsfridommen ut av kraft](#).

- Tileigning/kjøp av areal for rasjonaliseringsformål som stemmer overeins med jordlova ved overdraging frå staten ved fylkeslandbruksstyret.
- Tileigning/kjøp av mindre areal som grensar til og skal leggjast til ei allereie eksisterande bebygd eller ubebygd tomt, når samtykke til frådeling av arealet er gitt til dette formålet etter plan- og bygningslova og etter jordlova i område der jordlova gjeld.

#### Til punkt 1

Er det fleire som tileigner seg eller kjøper eigedommen saman (sameigarar), må kvar enkelt fylle ut eige skjema.

#### Til punkt 2

Her skal nemninga til eigedommen (gnr., bnr., festenr. eller liknande) og i kva kommune eigedommen ligg, førast opp. Om du berre overtek ein sameigedel, skal det førast opp kor stor del av eigedommen du tek over.

#### Til punkt 3

Du skal nytte dette alternativet om du tek over landbrukselgdommen frå nær familie eller har odelsrett til eigedommen. Eigedommen må ha meir enn 25 dekar fulldyrka/overflatedyrka jord eller må bestå av meir enn 500 dekar produktiv skog. Kommunen vil kunne hjelpe til med å berekne arealgrunnlaget. Du kan også sjekke arealgrunnlag på Internett:

[www.skogoglandskap.no/temaer/gardskart](http://www.skogoglandskap.no/temaer/gardskart)

I tillegg må eigedommen ha bygning(ar) som er eller har vore i bruk som heilårsbustad, eller bygning(ar) som er tillaten oppført som heilårsbustad, men ikkje har vore brukt som det, eller bygning(ar) under oppføring der det er gitt løyve til oppføring av heilårsbustad.

#### Buplikt

Det er eit vilkår for konsesjonsfridommen at du flyttar inn på eigedommen innan eitt år etter at du overtok, og burder i minst fem år.

Har du teke over eigedommen frå avdød ektefelle, eller sit i uskifta bu, skal eventuell butid som er gjennomført før overtakinga, reknast mot bupliktida.

#### Odel

Om du har [odelsrett](#) til eigedommen, kryssar du av for det.

#### "nær familie"

Det blir rekna som nær familie dersom du er ektefelle av den tidlegare eigaren, sambuar jf [arvelova § 28 a](#), eventuelt har teke over eigedommen i uskifta bu, eller er i slekt med tidlegare eigar eller ektefelle til tidlegare eigar i rett opp- eller nedstigande linje eller i første sidelinje til med barn av sysken (nevø/niese) eller er i svøgerskap med tidlegare eigar i rett oppstigande linje.

## Kven kan eg tilegne meg eller kjøpe konsesjonsfritt frå?

### Kven kan eg overdra konsesjonsfritt til?

Du må alltid krysse av i punkta 3 A-C. Du dokumenterer konsesjonsfridom ved å fylle ut eitt av alternativa i punkta 3 D-F. I tillegg må du fylle ut punkta 1, 2 og 9. Det er eit vilkår at tidlegare eigar har konsesjonsforholdet sitt i orden. Kommunen må stadfeste i punkt 10 at overdragaren har konsesjonsforholdet sitt i orden, og at tileigninga/kjøpet ikkje fører til deling av driftseining.

**Om du ikkje kan/vil flytte til eigedommen innan eitt år etter at du overtok, må du søkje om konsesjon på skjema SLF-359.** Det same gjeld om tidlegare eigar ikkje har konsesjonsforholdet sitt i orden ved at han ikkje har oppfylt búplikta på eigedommen.

### **Til punkt 4**

Du kan nytte dette alternativet same kva slags eigedom du har teke over, unnateke landbrukseigedom som er definert i punkt 3. Du må ha teke over frå nær familie. Sjå det som står om nær familie til punkt 3.

Du må alltid krysse av i punkta v A og B. Du dokumenterer konsesjonsfridom enten ved å fylle ut punkt 4 C eller D. I tillegg må du fylle ut punkta 1, 2 og 9. Det er eit vilkår at tidlegare eigar har konsesjonsforholdet sitt i orden. Kommunen må stadfeste i punkt 10 at overdragaren har konsesjonsforholdet sitt i orden, og at tileigninga/kjøpet ikkje fører til deling av driftseining. Kommunen må vidare stadfeste at det ikkje er búplikt på eigedommen.

### **Til punkt 5**

Du kan nytte dette alternativet om du har teke over ein bebygd eigedom som ikkje er større enn 100 dekar og heller ikkje har meir enn 25 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord. Høyrer det sameigepart til eigedommen, skal den forholdsmessige parten av arealet til sameigeparten leggjast til totalarealet.

Konsesjonsfridommen må du dokumentere ved å fylle ut punkta 1, 2, 5 og 9. I tillegg må kommunen stadfeste i punkt 10 at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt, og at tileigninga/kjøpet ikkje fører til deling av driftseining. Eit vilkår for konsesjonsfridommen er at du ikkje gjer bruksendring i strid med plan.

### **Til punkt 6 og 7**

Du kan nytte desse alternativa om du har teke over tomt(er) til bustad- og fritidsformål som kan byggjast ut med eitt hus med maksimalt to bustadeiningar. Det er eit vilkår at tomta eller tomtene blir bygde ut innan 5 år. Om det ikkje skjer, vil det utløyse konsesjonsplikt.

Punkt 6 gjeld tomter som ikkje ligg i område som i arealdelen til kommuneplanen eller reguleringsplan er lagt ut til bebyggelse eller anlegg. Dette vil for det meste gjelde tomter som ligg i område som i arealdelen til kommuneplanen er utlagd til landbruks-, natur- og friluftsområde dessutan reindrift (LNFR).

Punkt 7 gjeld tomter som i kommuneplan/reguleringsplan er utlagde til byggjeområde, og der tomteinndelinga er godkjend.

Det er nok for å dokumentere konsesjonsfridom etter desse alternativa at punkta 1, 2, 6 eller 7, dessutan 9, er fylte ut. I tillegg må kommunen stadfeste i punkt 10 at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt, og at tileigninga/kjøpet ikkje fører til deling av driftseining.

### **Til punkt 8**

Du kan nytte dette alternativet om du har teke over ubebygd areal som er regulert til anna enn landbruks-, natur-, og friluftsområde samt reindrift (LNFR), inklusive tomter til bustad- og fritidsformål som kan byggjast ut med meir enn to bueiningar.

Unntaket gjeld vidare alt areal som i kommuneplan er lagt ut til bebyggelse og anlegg. Eit vilkår for konsesjonsfridommen er at du ikkje gjer bruksendring i strid med plan.

Konsesjonsfridommen dokumenterer du ved å fylle ut punkta 1, 2, 8 og 9. I tillegg må kommunen stadfeste i punkt 10 at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt, og at tileigninga/kjøpet ikkje fører til deling av driftseining.

### **Til punkt 9**

Du må som ny eigar sjølv underskrive fråsegna, og du kan ikkje nytte fullmekting. For umyndige personar – personar under 18 år eller umyndiggjorde – må verja også underskrive. Om du gir uriktig fråsegn, kan du bli pålagd innan ein frist anten å omgjere avhendinga eller selje eigedommen til nokon som kan få konsesjon eller ikkje treng konsesjon. Om du ikkje held fristen, kan eigedommen seljast utan varsel etter reglane om tvangssal.

Sjå konsesjonslova § 18.

### **Til punkt 10**

Kommunen skal alltid undersøkje om tileigninga/kjøpet fører til ulovleg deling av driftseining, jf. jordlova § 12 fjerde ledd. Tileigninga/kjøpet kan ikkje tinglysast om det manglar stadfestning frå kommunen. Kommunen må vidare stadfeste at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt. Er det kryssa av i punkt 4,(nær familie) må kommunen stadfeste at det ikkje er búplikt på eigedommen.